

## VARDEVANDRING LANGS NASJONAL TURISTVEG SOGNEFJELLET (1.434 M.O.H.)

I uminnelege tider har folk trossa naturfarar og lagt i veg til fots og med hest for å koma over Sognefjellet. Ved hjelp av godt oppbygde vardar, gjerne med solide staur i midten som ruver langt over varden, kunne dei reisande sjå frå varde til varde – også når skodde og uvær kom sigande innover fjellmassivet. Over ei strekning på ca. 16 km mellom Krossbu og Turtagrø kan ein framleis rusle frå varde til varde, slik ein gjorde før bilvegen vart bygd i 1938. I alt er det registrert over 300 vardar på denne strekinga.

Ut frå skriftlege kjelder tyder det på at dei fleste vardane var bygde på midten av 1800-talet, men kjelder viser at vegen truleg har gått i same spor frå førhistorisk tid. Bergen, som var handelsbyen i middelalderen framfor nokon, låg langt nærare for norddølar enn Oslo gjorde. Handelsvarer som salt og fisk har vorte frakta frå kysten i vest og bytt mot jaktprodukt, smør og jarn frå bygdene i aust. Ei trafikksteljing frå 1878 fortel at 1.350 hestar med slede, 820 kløvhestar, 488 laushestar og 16.525 personar passerte over Sognefjellet. I 1889 var talet på hestar som passert Opptun 1.600.

Det var veginspektør Kvåle frå Lom som hadde ansvaret for vegen på austsida. Vi har flest stramt oppbygde kvadratiske vardar på austsida, medan det er registrert fleire runde vardar på vestsida av fylkesgrensa. Det er mogleg at vardebygginga på Sognesida har vore utført av ein annan veginspektør, då vegen går over to fylke, som på den tida var Christians Amt i aust og Nordre Bergenshus Amt i vest. Dei registrerte vardane kan delast i tre hovudgrupper: ledevardar, siktevardar og peikevardar. Det er flest av dei såkalla ledevardane, som viser vegen frå den eine varden til den andre. På enkelte høgdedrag står høge siktevardar. Desse kan ein gjerne sjå på lang avstand frå fleire himmelretningar, og dei ligg slik til at ein kan sjå dei mot horisonten. Peikevardane har innbygd ein stein som stikk ut frå varden og peikar i den retninga ein skal gå.

### KVADRATISKE VARDAR

er stramme og kvadratiske i forma. Dei ber preg av å ha vore mura opp av folk med kunnskap om tørrmuring. Steinane er godt tilpassa kvarandre, og som regel hogge til i form. Dei har noko ulik form på kvar side av fylkesgrensa.

### RUNDE VARDAR

er i mindre grad av tilhogne steinar enn dei kvadratiske vardane. Innbyrdes varierer dei både i diameter og høgde.

### VINTERVARDAR

Vardane vert tolka som vintervardar pga plasseringa; ved at dei leier ned til begge sider av eit vatn for ferdsel på isen. Vintervegen følgjer ei litt anna rute enn den gamle sommarvegen.

### PEIKEVARDAR

Peikevardar ser ut til å være plasserte spesielt på stader der ein kan ha vore i tvil om retninga på vegen. Ein stein stikk ut frå varden og peikar i den retninga ein skal gå.

### HENRIK IBSEN SI FERD LANGS VARDEVEGEN PÅ SOGNEFJELLET

Vandring over Sognefjellet har og vore ei viktig inspirasjonskjelde for mange kjentfolk, diktarar og andre kunstnarar. No i Ibsen-året vil vi nemne Henrik Ibsen som vandra over Sognefjellet den 5. juli 1862. På denne turen vart det fortalt mange historier om uver og farlege ferder. Dette er historier som seinare kjem att i mykje av Henrik Ibsen si seinare dikting, spesielt i Brand og Peer Gynt. I 2006 feirar ein Ibsen med: utstillingar i Fjordstova, Skjolden og Bakeriet i Lom, og Peer Gynt spel på Sognefjellet 06. august.

Det vert ei markering av Vardevegen 06. august 2006. I åra framover vil ein gjennomføre skilting og informasjonstiltak langs ruta.

### VI YNSKJER DEG VELKOMMEN TIL VARDEVANDRING PÅ SOGNEFJELLET!

Kilde: Oppland fylkeskommune og Norsk vegmuseum: Kulturhistorisk rapport 2005-1, Varderekkjen over Sognefjellet. Varderekkjen over Sognefjellet.

Kjartan Kvien, Skjolden

Utgjevar: Sognefjellsprosjektet, Pyramiden, 6856 Gaupne

Utgjevar: Sognefjellsprosjektet,  
Pyramiden, 6856 Gaupne  
Layout: Visus, Lom  
Foto: Visus og Finn Loftesnes.

# Sognefjellet



[www.visitlom.com](http://www.visitlom.com) [www.sognefjord.no](http://www.sognefjord.no) [www.turistveg.no](http://www.turistveg.no)

# Sognefjellet

VARDEVANDRING



NASJONAL TURISTVEG SOGNEFJELLET - RV 55  
300 VARDAR PÅ 16 KM MELLOM KROSSBU OG TURTAGRØ